

Bibeltekst: Luk.15,11-32

Dag: Bots- og bøneda

Kyrkje: Bryne

Dato: 27.10.2013

Det går an å rota livet sitt til. Det er til og med ganske enkelt. Ein dose uærlighet kan vikla oss inn i eit nett av løgner. Rot med økonomi, unøyaktighet i pengesaker, forbruk over evne, for tung fot på gasspedalen. Lyst og fristelsar kan verta for store. Avhengighet kan verta mønster, så fornuften taper for tvang. Det går an å rota til livet sitt. Eller deler av det. Og verst vert det, når det går ut over andre. Når forholdet til dei nære vert øydelagt. Venner kan verta bitre uvenner. Foreldre og ungar kan snu kvarandre ryggen. Ektefeller kan koma til å ikkje tåla synet av kvarandre. Vår gode himmelske Far kjem ut av syne fordi me vil gå vår eigen veg og gjera som me sjølv vil.

Slik kan livet gå sørgjeleg sundt. Det eine rotet dreg det andre med seg. Det er ikkje lett å begynna på nytt. Vegene til eit betre liv kan sjå kronglete ut. Kanskje er det fleire som sperrar vegen enn dei som heiar fram langs ny veg. Uforstandige og tankelause. Og så er motstanden mot nytt og betre liv frykteleg sterk. Det krev sterk lengsel og stor vilje til å våga å sjå nøden sin i kvitauga.

Me har lese ein av dei mest kjende tekstane frå Bibelen. Ein historie som har ete seg inn i sinnet på dei aller fleste. De som ikkje er så gamle ennå, kan fargeleggja teikninga om det som Jesus fortel oss. Om ein ung mann som rota livet skikkeleg til for seg. Ein som hadde så urimeleg gode muligheter. Men i plassen for å gripa det livet han hadde fått på fat, slo han ut håret og levde det søte livet til pengane og dei kjøpte vennene var fordunsta. Mat og arbeid ende på lågaste og mest nedverdige nivå. Arven hadde han tatt ut, så heime var det fint lite å henta. Han var sikkert ikkje lenger rekna for å vera son og bror. Det var som om heile verda var stengt og livet heilt på tryne. Og han hadde bare seg sjølv å takka.

Du ser han føre deg, ikkje sant? Mens du gjer det, kan du tenkja: Kva lengta denne unge mannen etter? Kva slags lengsler og håp var ennå igjen der i rotet? Kva fann han då han gjekk i seg sjølv? Er det lengsler me kan kjenna igjen?

Nokre har meint at denne yngste sonen er eit godt eksempel på lengsler som er ganske typiske for Norge idag. Under lysta til å verta millionær og leva litt vilt i nokre år, ligg det ein djupare lengsel. Han er åndeleg. Han leitar etter det som held når livet er tomt i alt det er så voldsomt fylt av. Han søker fotfeste i noko større enn oss sjølv og det livet me så lett rotar til.

Mange ber på lengselen etter meining, etter å verta sett og akseptert. Det er så lett å kjenna seg fremmedgjort. Utdanning og arbeid har vorte spesialisert og oppdelt. Dess meir me fjernar oss frå primærnæringane, dess vanskelegare kan det vera å sjå resultat og meining med det me gjer. Det same med familieliv. Før var storfamilien eit trygt nettverk. Det er han ikkje for mange. Bånd kan vera løyste av avstandar og av brudd som gjer at mange saknar nokon å koma heim til, nokon som tek imot meg, nokon som er avhengige av meg og eg av dei. Mange spør: Er det nokre som bryr seg om meg? Bryr Gud seg om meg?

Det fins eit sug etter livsmeining og akseptasjon. I tillegg lengtar mange etter fellesskap og å høyra til. Ensomheten er utnevnt til vår tids folkesjukdom. Me vert stadig fleire og bur tettare og Bryne skal veksa fort og mykje, men det vert jo fleire vegger og murar og færre folk i kvart rom. Me går inn i andre slags rom og finn kvarandre digitalt og virtuelt på sms og facebook. Det er ikkje sikkert at det vert like gripande som Karen Erland si utstilling på mølla - av brev frå ein storebror til sjøs til ei lita søster heime. Samtalar med augekontakt vert færre for mange. Er det så rart om lengselen etter tapt tilhørighet aukar?

Lengselen etter fellesskap har Gud lagt ned i oss. Skaparen, frelsaren, Guds ånd som sukker i oss etter liv og fellesskap. Me

delte denne lengselen på ei inspirasjonssamling om gudstenesta på onsdag. Lengselen etter full fest i fars hus, der alle aldrar deltek og kvar stol er fylt. Nøden over at frihet til å velja fører så mange døypte til andre hus enn Gudshuset. Deler me lengselen og nøden? Då skal me nok ut av komfortsonen og spørja fleire med i kyrkja og i grupper. Skriv dykk gjerne på ei liste for å vera med i gudstenestegruppe eller sundagsskule eller ein annan god teneste.

Lengsel etter fellesskap og livsmeining kan gå på gode veger og på ringe veger.

Klarar me kjenna på dei ringe når me ser føre oss den bortkomne sonen i grisebingen? Klarer me tenkja at han er ein av oss? Med det som me sjølv rotar til i livet. Med det som me ber med oss som eit felles kulturproblem. Med det som skjer når me går vår eigen lyst sin veg. Frie, trur me. Men framandgjort frå Gud, frå livet si meining. Ein del av ei slekt som bryt opp, tek ut arven og leitar etter kjærlighet og meining alle andre plassar enn heime – der me verkeleg høyrer til.

Jesus fortel at denne bortkomne sonen til slutt tek på heimveg. På veg heim til far og bror. Han var ribba for alt – ikkje minst eigen verdighet. Han var grunnleggjande isolert og ensom og hadde mista kontakt med alt som gjev liv: Familie, venner, samfunnet, bekjente, til og med mat. Han visste at det neste steget i same retning som han hadde gått fram til nå, var steget inn i døden. Skikkeleg kritisk øyeblikk. Oppgjer med seg sjølv.

Han kunne ikkje gå denne vegen lenger. Men kunne han gå heim? **Hadde** han ein heim meir? Venta det bare ein slitar av ein bror som ikkje ville rekna han som sin rette bror lenger. Og ein far som neppe ville rekna han som sonen sin meir. Var heimen der ennå, når arven og livet var sølt vekk og han hadde bare seg sjølv å takka?

Han går i alle fall, den unge mannen med det rotete livet og lengsler me bare kan ana. Ser me han der han mannar seg opp, og ser me faren som ventar og ser han langt borte, så veit me at den bortkomne tok feil på eit avgjerande punkt, og det er heile teksten sitt poeng. **Han tok feil av faren.** Han rekna ikkje med kjærleiken, og slett ikkje med nåden. Han ante ikkje at kjærleiken kan tåla alt. Det er noko ingen kan rekna med. Det kan ein i beste fall oppleve.

Han fekk ikkje begynna som leigekar hos faren, det kom aldri på tale. For faren hadde eit hjarta så mykje større enn det sonen var i stand til å førestilla seg. Faren hadde eit hjarta kjemisk fritt for såra følelsar og småleghet. Poenget for far var at han **kom**. **Gleda** var at han kom. Den unge mannen som hadde krenka far med å be om arven og sløst han vekk og øydelagt sitt liv og såra far sitt, han blei møtt av ein far som strekte armene imot han. Med eit hjarta som romma det øydelagde. Ein far som alle som bed, kjenner. Alle som i dagar og år bed for sine og for alle døypte: «*Kjem dei ikkje snart heim til Fars hus?*» **Slik** og meir til blei den bortkomne møtt av ein bedande far som hadde vendt ryggen til fortida og ansiktet mot sonen. Fortida fekk vera som ho ville, nå var det viktig å gle seg. Elska son var komen heim!

Teksten for i dag er ei likning. Ei likning Jesus fortalde. Han ga tilhøyrarane sine eit bilde av Gud som var så ulikt det dei sjølv bar på. Ein Gud som var høgt heva over alle variantar av smålegheter hos menneske. Ein Gud som møter den som har rota det til for seg, med åpne armar og vidope hjarta.

Ser me kontrasten til den bortkomne sitt rotete liv og den heimeverande sitt plettfrie? Me gremmer oss jo over teikningen i programarket og likninga om den heimeverande broren. Han er moralsk, arbeidsom, skikkeleg. Til fingerspissane. Og me kjenner han godt. Han er også **vår** halvbror, minst. Litt for god til å finna andre sine feil, ein kløpper til å lagra og huska andre sine svik. Eit plikt- og ordensmenneske som likar å gjera rett og skil

for seg, men **hjarta** har så nok med seg sjølv, ønskjet om at ting skal vera rettferdig og likhet vinn over nåde og nød for andre, og glede over bortkomne er godt gøynd.

Me skal på heimveg i dag, bortkomne og heimeverande. På veg til far. Me skal gjera det i felles bønner. Du kan sitja eller gå rundt i kyrkjerommet med di eiga bønn. Du kan knela i Fars hus med ein hånd på aksla og få syndstilgjevinga og gleda sin ord frå Far som elsker.

Det hender eg går til ei grav i hop med nokon som sørgjer over det dei gjorde som dei aldri fekk sagt og bedd om tilgjeving for. Det hender også at det som då vert sagt til ein gravstein, får gli over til skriftemål, til ord sagt til Gud, til tilgjeving som tek av ei bør som bare Gud kan løfta av, når menneske ikkje kan lenger.

Me kan måtta gjera slikt for vår eigen del. Akkurat slik NRK Brennpunkt denne veka viste korleis Kjetil Klungland oppsøkte sin fars drapsmann i fengsel. **For sin del** ville han tilgje personen og sei det, for å sikra sin eigen livskvalitet. Sterkt! Riktig når det er gjort av fri vilje. Me kan bare ana kva det kan gjera for ein som soner ein dom og skal finna ny veg i livet.

I dag kan **me** gå til vår gode Far for vår del og sei ting som dei er, at me ofte vil klara oss utan han og ber på sorg og savn når me faktisk lukkast. Til Gud kan me koma med det som har ført på ein vond veg, og med lengt etter større nød og hjarta for bror vår.

For Guds farshjarta bankar for oss alle. Hans lengsel etter oss er større enn vår skiftande og uklare lengsel etter han. Gud er så mykje meir enn ein forstørra variant av oss menneske. Gud sorterer ikkje kjærleiken sin etter om søner og døtre har vore på vidvanke eller alltid har halde seg heime. Gud spør ikkje etter om livet har vore rotete eller ordna inn til det nevrotiske. Gud lengtar bare etter at me kjem. At me er barn som aldri sluttar å koma – og aldri sluttar å gle oss når andre får nåde. Velkommen heim!